

Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 29. april 2014.

Sak 01/2014 Opprop

Fyresdal kommune: Erik Skjervagen, Siw Berve, Ketil Kiland

Kviteseid kommune: Torstein Tveito, Gunnar Ruud, Heidi Åmot, Øystein Tveit

Nissedal kommune: Halvor Homme, Øyvind Tveit, Anne-Nora Oma Dahle, Sverre Sæter

Seljord kommune: Jon Svartdal, Jan Torbjørn Sollid Tveit, Per Dehli

Tokke kommune: Hilde Alice Vågslid, Kjell Magne Grave, Brit Houge

Vinje kommune: Gunn Aslaug Seltveit Bøe, Hans Kristian Lehmann

Frå administrasjonen møtte Kjell Gunnar Heggenes.

Sak 02/2014 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent, og regionordførar Jon Svartdal leia møtet.

Sak 03/2014 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar.

Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordførar vart valt: Torstein Tveito

Sak 04/2014 Orientering om samhandlingsreformen v/samhandlingskoordinator Sissel Bitustøyl.

Sissel Bitustøyl informerte nærare om status for samhandlingsreformen i Telemark.

Ho viste innleiingsvis til det gode samarbeidet med sjukehusa, der mellom anna implementeringa av elektroniske meldingar er ei viktig sak.

Det er oppretta ei rekkje delavtaler for ulike aktivitetar som: akuttmedisinsk teneste, beredskapsplaner, jordmortenester, IKT, førebygging og rehabilitering, avvik, medverknad frå pasient- og brukarorganisasjonane, turnuslege - ordning osv.

Vidare orienterte Sissel om ulike tiltak som er sett i verk:

- ambulerande audiograf som dekker Vest-Telemark, Midt-Telemark og Drangedal.
- løyving av midlar til jordmorberedskap.
- forsterka sjukeheimar, der ein har fått midlar frå Helsedirektoratet.
- fleire dialyse-einingar.
- video-konferansar mellom kommunar og sjukehus.
- styrka ambulant virksomhet innan palliasjon.
- KOLS-prosjekt er sett i gang.
- ambulante team innan rus og psykiatri.
- analyse av sjukehusforbruk

Sissel avslutta orienteringa med å vise til at vidare finansiering er uviss, men at vegen blir til mens ein går.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringa til vitande.

Sak 05/2014 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2013.

Rådmann/økonomisjef i Kviteseid, Øystein Tveit, var tilstades og orienterte nærare om årsrekneskapen for 2013.

Vedtak: Årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2013 vart samrøystes godkjent.

Sak 06/2014 Val av revisor.

Vedtak: Som revisor for rekneskapsåret 2014 vart valt Telemark Kommunerevisjon. Samrøystes.

Sak 07/2014 Organisering av lokal kollektivtrafikk i Telemark. Framlegging av rapport v/Bård Norheim og Miriam Søgner Haugsbø, Urbanet Analyse.

I denne saken var fylgjande representantar frå bussbransjen tilstades: Anfinn Maurud frå Tinn Billag, Bernt Dahle frå Drangedal Bilruter og Svein Olav Straand og Merete Olsen frå Telemark Bilruter.

På bakgrunn av at Vest-Telemarkrådet har bestilt ei nærare utgreiing om verknadene val av kontraktsform kan få for lokalt næringsliv, var Bård Norheim og Miriam Søgner Haugsbø frå Urbanet Analyse AS tilstades og orienterte nærare om rapporten.

Det vart mellom anna peika på moglegheiten for å variere innhaldet både i brutto- og nettokontrakter, og at ein kanskje heller burde inngå "samarbeidskontrakter".

Det er viktig å legge til grunn langsiktige og stabile finansieringsordningar, og ha kontrakter som gjev rom for endringar. Likeeins kan det vera aktuelt å opprette "samarbeidsråd" som inkluderer alle sentrale aktørar.

Ein kan vidare tenke seg at kontraktene inneheld incentiv-ordningar der operatørane tener på å kome med gode forslag.

Avslutningsvis vart det peika på kontraktens verknad på det lokale næringslivet, og den viktige samanhengen det er mellom rutetransporten og dei andre aktivitetane i kollektivselskapa.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringane til vitande.

.....
Jon Svartdal
Ordførar Seljord
Regionordførar

.....
Torstein Tveito
Ordførar Kviteseid